



Jon Harald Kjærland er klar for sitt tiande år som leiar

Denne veka markerar Uskedalen Indremisjon at det er 150 år sidan starten som Samson Stueland frå Omvikdalen har hovudæra for.

I dei nærmaste 4 dagane er det Leif Nesheim frå Lindås som står i sentrum med tale og song - først under 3 møter og på fredag under sjølve jubileumsfesten.

**Han vitjar Uskedalen for fyrste gong sjølv om han har vore
forkynnar i 40 av sine 61 år**

**UIM har vore leia av Jon Harald Kjærland i 9 år og han er
klar for sitt tiande år i vervet.**



[Leif Nesheim - i Uskedalen for fyrste gong](#)

Under festen på fredag vil han gje eit historisk oversyn som

mellom anna inneheld desse 'knaggane':

* I 1915 vart det skipa ungdomsforening, året etter at indremisjonen peika ut leiarar til sundagsskulen.

* Bedehuset vart reist i 1933 med mykje dugnadsinnsats og lån på 3 000 kroner. På førehand var 7 440 kroner samla inn. 300 deltok i vigslinga og festen vara i 6 timar,

* Bedehuset vart utleigd til folkeskule og framhaldsskule i åra frå 1945 og 1966.

* Huset fekk springvatn i 1947 og elektrisitet i 1958 men det var framleis utedo. Garderobe- og toalettbygg var klart til 100-årsjubileet i 1963 etter å ha kosta 40 000 kroner.

* Indremisjonen hadde songlag som Samson Leite leia i ein mannsalder. Yngres barnelag vart drive frå 1965 og utetter.

* Yngste-/Unge Røyster starta i 1976, Hobbyklubben og Småbarnstreff i 2005

* Mykje er satsa på bedehuset i dei seinare åra. Toaletta er ombygd, det er bygd nytt kjøken, gamlekjøkenet har vorte aktivitetsrom og hobbylager og det er montert 2 varmpumper. Dugnadsinnsatsen har vore stor.

Bedehuset er i dag godt tenleg. Rampe for funksjonshemma og betre lydanlegg bør imidlertid monterast.

* Undergruppar i jubileumsåret er småbarnstreff, Hobbyklubben og Kreative jenter. Nær 100 deltek i dei ymse aktivitetane som er knytt til 150-åringen.


Med seg i styret har Kjærland Jan Tvedt, Tormod Myklebust, Sella Hjørnevåg og Britt Torill Mathiesen.

Mellom gjestene fredag er også leiar av Samskipnaden Edmund Tormodsæter frå Halsnøy.

Niklas og Ronja Lakselv, Hobbyklubben og Camilla Myklebust deltek med song og musikk.

Leif Nesheim held festtalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Styret for nokre år sidan: Jon Harald Kjærland, Tormod Myklebust, Aud Isaksen Haugland og Inger Anna Leite. Jan Tvedt var ikkje til stades